

Ordskifte

INNLEGG OVER 3500 TEIKN INKL. MELLOMROM KAN BLI NEDKORTA
ordskifte@dagogtid.no (Me godtek innlegg både på nynorsk og bokmål.)

«Stabilisering av klimaendringane er den største moralske utfordringa verda har.»

Stoltenberg landar truleg ikkje på månen

KLIMA
SIGMUND KVALØY
SETRENG
SINGSÅS

For ei tid sidan vart eg var ein rapport frå ei tysk forskargruppe som var kritisk til effekten av å skilje ut CO₂ frå kol, gass og olje og gøyme det under havbotnen.

Utgangspunktet deira var kolgruver. Alt der slepp CO₂ ut i lufta. Neste punkt er røyra som fører kolstoffet fram til utskiljingsverket for CO₂. På veggen dit, til dømes frå Tyskland til Noreg, lek det ut CO₂, og det gjer det òg i dette verket. Derifrå går restmengda av CO₂ ned til rom under havbotnen, «ledig» etter at olje eller gass har vorte teken opp. Så kjem sluttpoenget: Ligg den lagra CO₂-gassen trygt der nede? Nei, seier gruppa: Havbotnen rører på seg no og då, av og til som reine jordskakingar. Om eitt år eller hundre risikerer vi eksplosive utslepp av ovstore mengder CO₂. Saman med CO₂-gassen kan metan fylgje med. Denne gassen ligg nedfrosen fleire stader på havbotnen, og som

klimagass er denne om lag 22 gonger meir effektiv enn CO₂. Resultatet kan altså vera katastrofalt.

Sjølve utskiljingsverket er, som vi har sett, komplisert og nærast å rekne som eit eksperiment med noko vi har liten bakgrunn for. Dermed vert dette uhorveleg dyrt. Og det ser vi no, der dei er ved å gje opp Mongstad.

James Hansen, leiaren for klimaavdelinga innanfor NASA og ein av verdas fremste forskarar på klimaskiftet, vitja Noreg i fjor. Om Stoltenbergs «månelanding» – altså utskiljing og nedgraving av CO₂ – sa han: «Dette vil ikkje fungere, korkje økonomisk eller økologisk. Den einaste effekten av slike prosjekt er å utsetje naudsynlege og verkande tiltak for å bremse klimaskiftet. Å streve med dette hindrar oss berre i å kome fram til tiltak som det er i siste liten å setje i verk. Det mest effektive for Noregs vedkomande ville vere å slutte med utdriving av olje og gass.»

Sigmund Kvaløy Setreng er magister i filosofi og forskar på himalayisk antropologi.

Ein prisvinnar og sanninga

SYRIA
JO EGGEN
OSLO

På eit møte i PEN-klubben om Syria sa Sara Azmeh Rasmusen eit par ting som ikkje er sant.

Ho påstod for det første at det var forbodi for utanlandske journalistar å komme inn i Syria og lage reportasjar der i fjor vår da opprøret starta. Det visste eg alt da var usant, fordi eg i mai i fjor møtte den tyske journalisten Karin Leukefeld som da oppheldt seg i Damaskus som korrespondent for dei tyske avisene Neues Deutschland og Junge Welt. For det andre hevda Fritt

Ord-prisvinnaren at kurdarane i Syria er med i SNC, det såkalla syriske nasjonalrådet, der ho sjølv er med. Kurdarane er ein stor etnisk minoritet i landet. Eg meinte dette òg var usant, og nå blir det stadfesta av Kjell-Inge Kruhaug i ein NTB-artikkel 19. mai. Tre kurdiske organisasjonar er derimot med i Det nasjonale koordineringsbyrået, ei opposisjonsrørsle som ikkje vil ha noe med SNC å gjere, fordi desse støttar bruk av vald og oppheld seg på trygg avstand utanfor Syria. Eg er så gamaldags at eg meiner ein vinnar av Fritt Ords pris bør snakke sant.

Jo Eggen er forfattar.

Kyrkja og klimakampen

KYRKJA OG KLIMA
SIGBJØRN GRØNÅS
OS

Leiaren i Dag og Tid 25. mai kommenterer den kritiske resolusjonen Kyrkjemøtet vedtok om Statoils oljesandprosjekt i Canada. Det er på sin plass at redaktøren skriv: «Skal kyrkja få respekt i miljøkampen, må ho gå djupare til verks og inkludera ein heilskapleg kritikk av måten vi ordnar oss på kostnad av naturen.» Eg stussar likevel når han like etter skriv: «Engasjementet til kyrkja må ikkje avgrensast til berre å gjelda etikk- og moralsspørsmål.»

For meg er stabilisering av klimaendringane den største moralske utfordringa verda har. Held vi fram med «å leva med den rike mann», blir vi skuldige i at det ein gong i framtida kjem katastrofale klimaendringar som kan truga livet på jorda. Slik sviktar vi i dag kulturoppdraget Gud gav Adam om «å dyrka og verna hagen». Resultatet blir grov urett mot dei som kjem etter oss.

Klimakampen kan samanliknast med kampen for oppheving av slaveriet på 1800-talet. Stadig fleire fann slavehald etisk forkastelig. Etter kvart blei slavehandelen borte då fleire land innførte forbod ved lov. No er det handelen med fossile drivstoff som etter kvart må opphevast. Sidan

det ikkje ser lyst ut for effektive internasjonale avtalar om å redusera klimautsleppa, er det å vona at nokre land torer å gå i bresjen for å skapa samfunn med tilstrekkeleg små utslepp. Skal dette skje, må folk redusera forbruket sitt og reisa seg mot styresmaktene.

Her har kyrkja si store oppgåve. Etter biskop Desmond Tutu er stikkordet omsorg (for vår jord). Han legg til: «Å vera nøytral til urett er å støtta status quo.» Det er ikkje vanskeleg for kyrkja å finna ein grøn teologi, Bibelen vil verna om alt liv på jorda. Problemet blir mot til å forkynna Guds ord til omvendning for den enkelte og for staten.

Eg ser fleire teikn til at kyrkja alt er på veg, mellom anna engasjerer fleire biskopar seg. Statoils prosjekt er ei god symbolsak. Ein ting er dei lokale miljøproblema med oljesand. Sidan kjeldene for slikt ukonvensjonelt drivstoff er enormt store, er det verre at utstrakt utvinning tyder klimakatastrofe og «time out» for klimakampen. Vona er at kyrkjene i alle land kjem fram til «ein heilskapleg kritikk av måten vi ordnar oss på kostnad av naturen», ein kamp som fører til vern av kloden vår.



Grunnlovsending

STATSKYRKJA
HANS KRISTIAN SOLBU
TRONDHEIM

I Dag og Tid 25. mai er det mykje stoff omkring endringane av paragrafane 2 og 16 i Grunnlova. Det undrar meg at avisa både i leiarartikkel, intervju og kommentarstoff gjer det primært til ei sak om Den norske kyrkja (Dnk). Endringane handlar då mest om staten. Det einaste som er endra for kyrkja, er at kongen ikkje er overhovud lenger.

I leiarartikkelen kommenterer Svein Gjerdåker engasjementet til kyrkjemøtet i Statoils oljesandprosjekt og meiner at det ikkje er ei kyrkjesak – i det minste krev det ein meir «heilskapleg miljø- og klimapolitikk». Samstundes meiner han at med «opplysinga av statskyrkja ligg alt til rette for ei meir tydeleg kyrkje».

På kva måte og kva område skal kyrkja vere tydeleg? Ville Dnk vere meir tydeleg om ho hadde ein «heilskapleg miljø- og klimapolitikk»?

Eg har høyrte om ein som hadde meldt seg ut av kyrkja i ungdommen, men som ville melde seg inn att då den lokale presten engasjerte seg sterkt i lokalsamfunnet. Dette engasjementet sette man-

nen stor pris på. Nokre år seinare gjekk så presten offentleg ut mot prøveboring etter olje i Lofoten og Vesterålen. Dette likte ikkje han som hadde meldt seg inn, difor ville han melde seg ut på nytt.

Dette syner noko av dilemmaet her: Skal det prestar, kyrkjeleiarar eller kyrkjelege organ i Dnk meiner i viktige aktuelle saker, vere det som avgjer om kyrkja er ein fellesskap ein vil høyre til? Eller skal kyrkjemedlemskap ha ein heilt annan basis?

Eg meiner at det Dnk skal vere tydeleg på, det er Guds kjærleik.

Samstundes har trua på Guds kjærleik konsekvensar, som m.a. at ein ikkje kan akseptere den uretten som oljesandprosjektet til Statoil gjer mot menneske, mot natur og mot framtida.

Kva for tydelegheit er det Gjerdåker vil ha frå Dnk?

I samband med desse grunnlovsendingane vert fleire personar intervjuja i same avisa. Blant dei Arnfinn Haram. Det overraskar meg at ein katolsk prest snakkar så forakttfullt om å vere sereimonimeister. Men i dette intervjuet viser Haram at han berre har tatt med seg bedehusets og pietismens religiøse forakt for folket inn i klosteret. Sjølv sagt skulle vi som arbeider i Dnk,

gjerne sett at fleire kom til mesene våre og engasjerte seg meir i kyrkjelydane våre. Men vi veit òg at det finst eit mangfald av tru og av årsaker til at folk vil høyre til i Dnk. Dette er eit mangfald vi er glade for og som gjer Dnk rik. Det er eit mangfald vi vil respektere.

At Dnk er ei folkekyrkje, handlar ikkje om kor stor prosent av folket som er medlem. Det handlar om at folks liv, historie, språk, tradisjonar og erfaringar er verdfulle og må respekterast og reflekterast inn i bodskapen vår. Dnk vil vere ei folkekyrkje også for å vere med på å hjelpe folk å skilje mellom kva som er godt, og kva som er dårleg i desse tradisjonane og kulturelle uttrykka. Og når vi seier «folk», meiner vi ikkje «dei» til skilnad frå «oss», men vi meiner alle oss som høyrer til i Dnk.

Dnk har mange utfordringar og dilemma å stå i for at ho skal vere ei god og tydeleg kyrkje. No ser eg fram til at staten blir utfordra på korleis han vil vere ein god og tydeleg stat med basis i «vor kristne og humanistiske Arv» (ny paragraf 2 i Grunnlova).

Hans Kristian Solbu er prest i Den norske kyrkja, Sverresborg kyrkjelyd, Trondheim.